



Trygve Moi med gullmedaljen og diplommet han fekk frå Rogaland Landbrukssekskap på 70-års dagen sin i 1979. Han blei heidra for særers verdfullt arbeid med å utvikla reidskap og maskinar til nydyrking på Jæren i tida 1947-1960.

# TRYGVE MOI OG MOLDVARPEN

ODDVAR SØRLI

*Trygve Moi var bureisar på Salte i Klepp. Han gjekk nye vegar og fann løysingar som mange har hatt stor nytte av sidan. Trygve var ein nybrottsmann i dobbel forstand, om ein kan seia det slik. For han var og "far" til den første norskbygde gravemaskinen, "Moldvarpen", som stod klar til innsats frampå vårparten 1949.*

*For eit par år sidan fatta Oddvar Sørli frå Hægeland interesse for både Moldvarpen og mannen bak maskinen. Med hjelp av Jens Moi fekk han og tak i eit av dei tidlegaste eksemplara av Moldvarpen og Sørli har nå restaurert denne.*

Ser ein tilbake på historia om den tekniske utviklinga innan norsk landbruk, legg ein straks merke til noko som nærmast ser ut til å vera ein regel. Ideskaparar og pionerar for utvikling av nye tekniske hjelpemiddel er i dei fleste høve å finna mellom dei "vanlege" praktiskarane.

I svært mange høve, når ein eller annan produsent kjem med noko "nytt", så vil ein finna at ideen kjem frå ein som til dagleg kjenner kor skoen trykker. Praktiskaren er som oftast den som først vert klar over at det trengs ei endring eller ei nyskaping.

På Jæren i Rogaland er det forstra mange slike pionerar. Ein av desse var Trygve Moi frå Orre. Han var ein mann med stort pågangsmot og dessutan hadde han fantasi og evner til å finna nye løysingar på daglege problem.

## "Storploggen"

I 1937 starta Trygve som bureisar på Salte, 28 år gammal. Jorda var våtlendt og tildels "steinrik". Etter fleire års slit med spade, hakke og steinbukk som hjelpemiddel i nydyrkinga, kjende han bokstavig talt på kroppen, behovet for noko som kunne letta slitet.

Eit par år etter krigen, i 1947, kjøpte Trygve ein

tanks (beltegåande stridsvogn) etter tyskarane. Han fekk Kyllingstad Plogfabrikk til å laga ein stor plog som han monterte framme på tanksen. Med ei motordreven innreiking med tannhjul og tannstag, kunne ploegen heisast opp og med. Ploegen var god den, men tanksen eigna seg dårleg på den våtlendte jorda. Bereflata på beltene var for lita i høve til vekta på maskinen. Dessutan var den kraftige bensinmotoren altfor "dyr i kosten".

Denne "storploggen" som Kyllingstad produserte for Trygve Moi, vart ikkje gløymd. Seinare tok andre opp ideen og monterte slik plog på ein diseldreven bulldozar. Slike "storplogar" vart som kjent mykje nytta til nydyrking, inntil store hydrauliske gravemaskinar overtok steinbrytinga.

## Grøftegravaren

Hausten 1948 var ein sjølvgåande Åkermann grave-maskin på Særheim forsøksstasjon og gravde grøfter. Trygve Moi reiste til Særheim for å sjå på maskinen. Han vart "dualeg" imponert av Åkermann'en, men tykte den var for stor og tung på jord med lita bereevne. Dessutan var han veldig dyr. 70.000,- kroner kosta ein slik maskin då. Det måtte vel la seg gjera å byggja ein



Trygve Moi i arbeid med den første norskbygde gravemaskinen sin våren 1949. Steinbukken må vika plassen for maskinane i nydyrkinga. Foto: \* Jens Moi.

maskin som var lettare og billigare, meinte Trygve. Som tenkt så gjort. Med verkstadhjelp av Ole Aarre (Orresmeden) sette han i gang.

Den vesle smia på Bryne var for lita til at maskinen kunne setjast saman inne. Delene vart laga ferdig inne i verkstaden, for så å verta sette saman ute i Storgata. Skal tru om det innimellom dukka opp nysgjerrige tilskodarar?

Maskinen gjekk på to hjul, og vart hengt etter ein vanleg traktor, mest som ein tilhengar. Kraftuttaket på traktoren leverte drivkraft til sjølve gravemaskinen.

Den første maskinen hadde vaiertrekk til alle funksjonar, også til svingen. Seinare kom hydraulisk sving. Først med ein sylinder direkte montert til ein arm. Ei lita oljepumpe vart kopla til vinsjen. Denne leverte olje til svingsylindren og til ein sylinder for avvatering av hjulakslingen.

Den første maskinen hadde ikkje førarhytte, så føraren sat ope til for ver og vind. Trygve fann snart ut at det var påkrevd med ly for uveret på Jæren. Alle seinare maskinar hadde førarhus, men utan varmeapparat.

Utpå våren 1949 var maskinen klar til prøvekøy-ring. Kostnaden med bygginga var då komen opp i 3.000 kroner, inkludert Trygve sitt eige arbeid.

Etter nokre dagar med prøvekøy-ring heime på garden, var den nybakte maskinentreprenøren klar for oppdrag hos andre. Det var stor interesse for maskinen. Dette var reidskap som til gagns kunne avlasta bøndene for mykje slit. Maskinen var ikkje tyngre enn at ein stort sett kunne komma fram med den der det var framkommeleg med traktor. Det vart snart klart at det var stort behov for slike maskinar.

#### Fabrikkproduksjon av Moldvarpen

To av brørne til Trygve, Kristian og Magnus, fekk gratis tomt av broren og sette opp ein liten verkstad som målte 6,5 x 12 meter. I dette lokalet sette dei så i gang produksjon av "Moldvarpen". Våren 1951 trekte

Magnus Moi seg ut or firmaet. Han skulle overta ein gard. I staden for han kom Jostein Gudmestad og Jens Moi (bror av Kristian) inn, og overtok Magnus sine rettar.

Produksjonslokalet vart snart for lite. I 1952 kom neste byggjetrinn, med ein stor og romsleg verkstad. Firmaet fekk tidleg Alfa Laval som sin forhandlar. Dette gjorde sitt til at Moldvarpen vart kjend over det meste av landet.

Moldvarpen til Trygve vart eit førebilete for fleire andre som etter kvart tok opp ideen om å byggja lette traktordrevne gravemaskinar. Innsatsen til Trygve Moi blir ikkje bleikare av det.

I "Årbok for Jærmuseet 1991" skriv Lars Gaute Jøssang om "Brøyttoppfinnarane i Kolheia". Der skriv han korrekt at Brødrene Moi var først ute med ein norskbygd gravemaskin. Vidare skriv han at Moi

**BRØDRENE** C

**MOLD** C **MOI**

**ORRE** C **VARP**

**TLF. 697** C



maskinen ikkje slo igjennom. Den var liten og knapt eigna til anna en grøftegraving. Dette er etter mi meining ei klar forvrengjing av røynda. Sant nok var Moldvarpen relativt liten og lett, men nettopp der hadde maskinen si store føremon, framfor dei store og tunge – og dyre maskinane. Det var slik Trygve Moi ville ha maskinen. Dessutan var maskinen ein klar vinnar i høve til dei store maskinane når ein skulle flytta frå eit oppdrag til eit anna.

Store, sterke og tunge maskinar fantest frå før. Moldvarpen var faktisk spesialkonstruert for grøftegraving på jord med lita bæreevne. Ein maskin som var brukande til slikt arbeid hadde ein ikkje frå før.

#### Moldvarpen eller Doffen

At Moldvarpen ikkje slo gjennom er heller ikkje korrekt. Det var andre årsaker til at Brødrene Moi la ned produksjonen av gravemaskinen. Dei leverte totalt vel 40 maskinar. På midten av 1950-talet hadde Brødrene Moi, jamsides med produksjonen av Moldvarpen, utvikla ein annan reiskap for landbruket. Dette var den landskjende naturgjødselspreidaren "Doffen" som skulle visa seg å verta ein suksess for fabrikk og ein pioner i norsk landbruk. Fabrikk måtte føreta eit val: Skulle dei satsa på Moldvarpen eller Doffen? Samstundes hadde små lette hydrauliske gravemaskinar byrja å komma på marknaden. Moi-karane skjøna straks at dei snarast måtte vidareutvikla Moldvarpen til det nye systemet dersom dei skulle fylgja med. Dette ville krevja store ressursar, og dessutan såg dei føre seg ein hard konkurranse i den marknaden. Dei valde å satsa på Doffen, noko som viste seg å vera rett.

#### Medalje og diplom

På sin 70 års dag fekk Trygve Moi Rogaland Landbruksselskap sin gullmedalje og diplom for sær



Trygve Moi får overrekket diplom og gullmedalje frå Rogaland Landbruksselskap av dåverande fylkeslandbrukssjef Svarstad.

verdfullt arbeid med å utvikla reidskapar og maskinar til nydyrking på Jæren i tida 1947 – 1960. Vel forrent! Berre ein person utanom Trygve har fått denne medaljen, og det er fylkesagromom Alfred Norheim.

På garden, som Trygve dyrka opp, står det framleis ein sliten og velbrukt Moldvarp, den andre og siste maskinen han sjølv sleit ut. Trygve rekna med at han hadde grave grøfter tilsvarande strekninga Stavanger-Oslo.

#### Restaurering av ein Moldvarp


For snart to år sidan fekk eg høyra om ein "rar maskin" som skulle stå innmed ein skogsveg i ein av nabo-

kommunane her. Opplysningane eg fekk kunne tyda på at det måtte vera ein traktordreven vaiergravemas- kin. Anslag om storleiken tyda på at det ikkje kunne vera ein Brøyt. Kva i all verda var det då?? Jaktiveren vart tent for alvor. Etter kvart fekk eg rede på kven som åtte både skogen og maskinen. Ein søndag ettermid- dag vart brukt til synfaring. Undringa vart bare større etter kvart. Korleis kunne ein slik maskin ha stått der i 30 år, to mil frå der eg bur, utan at eg hadde høyrte om han? Eigaren visste ikkje anna om maskinen enn at han var laga på Jæren ein stad. For å gjera ei lang historie noko kortare: Denne maskinen viste seg å vera ein "Grevling", rett nok produsert på Jæren den og. I samband med "slektsgranskinga" av denne maskinen kom eg bort i historia om Moldvarpen og Brødrene Moi. Med god hjelp av Jens Moi fann me att ein gammal Moldvarp i ein gammal utesilo på Jæren i januar 1994.

Eg fekk maskinen av bonden og frakta han heim ein gong i februar. Etter kvart viste det seg at denne Moldvarpen måtte vera produsert første året. Det er såleis ein av dei eldste norskbygde gravemaskinane som er "i live". Moldvarpen er nå heilrestaurert og vart vist fram og demonstrert på Dyrskuet i Lyngdal første helga i september. Kor mange timar som er gått med til arbeidet vil eg helst ikkje tenkja på.



Jens Moi prøvesit den nyrestaurerte Moldvarpen på Dyrskuet i Lyngdal 1994. - "Ei høgtidsstund".  
Foto: Oddvar Sørli.



*Detaljfoto tatt under restaureringsarbeidet.  
Foto: Oddvar Sørli.*



*Traktoren som dreg maskinen er ein 1951 mod. MAN AS330 A med 4-hjulsdrift.  
Foto: Oddvar Sørli.*

